

Fra: Lars Næs[lars.naes@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 16.10.2024 13:00:37
Til: arkiv@kvinnherad.kommune.no[arkiv@kvinnherad.kommune.no]
Tittel: VS: Svar på brev som gjeld gnr/bnr 129/4

Fra: Leif Ove Mikkelsen
Sendt: onsdag 16. oktober 2024 10:20
Til: ivarkare.dossland@outlook.com
Kopi: Anbjørn Høivik <anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no
synnove.handeland@kvinnherad.kommune.no>
Emne: Svar på brev som gjeld gnr/bnr 129/4

Eg viser til ditt brev av 1. oktober 2024, samt tidlegare kontakt, mellom anna telefonsamtale den 10. september 2024.

I den nemnde telefonsamtalen vart du opplyst om at tilsynsrapporten truleg ville vera klar innan kort tid, og at administrasjonen ønskte å invitera deg til møte for ein gjennomgang av rapporten og tilhøyrande vurderingar. Eg forstod deg då slik at du stilte deg positiv til eit slikt møte, og at ein der kunne svara på spørsmåla du har stilt til kommunen. Då eg ved ditt brev av 1. oktober forstår at du ikkje deler den oppfatninga, svarar eg her ut brevet ditt i forkant av eit eventuelt møte. Rapporten er no godkjent og vil bli tilgjengeleg om kort tid.

Når det gjeld krav om innsyn av bilete til rapporten frå deg/advokaten din, er det på sin plass med ei orsaking for tidsbruken. Bileta vart sendt til advokat Alsaker den 3. oktober. Oppfatninga til kommunen har vore at bileta er ein del av rapporten (ikkje ein eigen journalpost), og at den er offentleg tilgjengeleg ved ferdigstilling av dokumentet. Bileta vart likevel sendt deg/advokaten din før ferdigstilling av rapporten, då dette har teke meir tid enn førespegla.

Du ønskjer tilbakemelding på kva kommunedirektøren legg i formuleringa «det vil kunne fattast vedtak om pålegg om retting etter synfaring». Slik du sjølv skriv er teksten henta frå førehandsvarselet til tiltakshavarane, som kommunestyret vedtok at kommunen skulle senda. Retting vil i denne forstand vera tilbakeføring eller omsøking, slik også kommunestyret har med i sitt vedtak. Tiltakshavar skal varslast før pålegg, jf plan- og bygningslova § 32-2.

Når det elles gjeld dine spørsmål kring sakshandsaminga, og høve til å kommentera innhaldet i rapporten, viser eg til telefonsamtalen den 10. september 2024. Du vart då informert om at rapporten vil vera offentleg, og at kommunen gjerne kunne stilla i eit møte der du har høve til å stilla spørsmåla du ønskjer. Eg har forstått at du ønskjer eit slikt møte. Dette tilbodet har også tiltakshavar fått.

Du har også spørsmål kring manglande stoppordre, og viser til at det er vanleg i andre saker. Det er tiltakshavar sin risiko at arbeid ligg innafor

handlingsrommet. Kommunen sin praksis er å senda pålegg om stans eller opphøyr av bruk i alvorlege tilfelle, der det vert vurdert at tiltaket til dømes vil medføra fare for liv, helse, miljø, tryggleik, eller gi andre vesentlege følgjer. I samband med evaluering av saka i etterkant vil ein vurdera om kommunen har ein meir liberal praksis kring dette enn det rettsreglane legg opp til.

Vidare forstår eg det slik at du ønskjer kommunen si tilbakemelding på om påbygget er lovleg, og du viser til at påbygget er heilt avhengig av tiltaka i tilstøytande bygg. Generelt kan det seiast at vedtak basert på uriktige opplysningar vil kunna medføra at vedtak er ugyldige, men det vil ikkje vera automatisk ugyldig.

Vi høyrer elles frå deg om framlegg til møtetidspunkt.

Med helsing

Leif Ove Mikkelsen | kommunedirektør

Mobil: +47 48 31 92 91

www.kvinnherad.kommune.no | 



Tenk miljø før du skriv ut!